

Saga Akademiet

Studieplan

Min arbeidsplass

Leiing – Utvikling – Samspel – Tryggleik



Fagskuleutdanning – Industrifagskule

Saga Fjordbase AS – Fagskulen Vestland studiestad Førde
10 studiepoeng

Saga Akademiet

Innhold

1	Skildring av utdanninga.....	3
2	Opptakskrav.....	4
3	Organisering av studiet.....	4
3.1	Emneoversikt.....	4
3.2	Emne 1 Endrings- og sjølvleiring.....	5
3.3	Emne 2 Prosjektleiing og prosjektplanlegging.....	6
3.4	Emne 3 Helse, miljø og tryggleik.....	7
3.5	Emne 4 Marknadsføring og kundehandsaming.....	8
3.6	Framdriftsplan	9
3.7	Søknadsfrist	9
4	Undervisningsformer og metodar for opplæring.....	10
4.1	Arbeidskrav	10
5	Vurdering	11
6	Sluttdokumentasjon	11

Saga Akademiet

1 Skildring av utdanninga

Min arbeidsplass

Studiet «Min arbeidsplass» er eit samarbeid mellom Saga Fjordbase AS og Fagskulen Vestland. Studiet er ein del av Fjord Base Gruppen si kompetanseutvikling. Kompetanseplanen tek utgangspunkt i samarbeid med ein utdanningsinstitusjon og intern kompetanseutvikling. I dette tilfellet Fagskulen Vestland og Saga Fjordbase som er ein del av Fjord Base Gruppen.

Utvikling av utdanningar for Fjord Base Gruppen er gjort etter «dialogmetodikk». Arbeidstakrarar frå Fjord Base har uttrykt kompetansebehovet til faglærarane ved fagskulen. Gjennom dialogen er det laga ein studieplan som er ein del av den totale kompetanseutviklinga.

Studiet «Min arbeidsplass» dannar grunnlaget for kompetanseheving. Sentralt er tema som er viktige for at alle i bedrifta skal vere framtidsretta og ein del av utviklinga mot det grøne skiftet. Etter industrifagskule vil det vere aktuelt å gjennomføre studium som går djupare inn i dei ulike faga. På denne måten vil Fjord Base Gruppen kunne rekruttere mykje av sin kompetanse internt.

Overordna haldning for kompetanseutvikling:

- Bygge på eller vere ein integrert del av Fjord Base Gruppen sin strategi.

Overordna mål:

- Skape meirverdi for Fjord Base Gruppen og tilsette ved Fjord Base.

Mål for utdanninga:

Skape handlekraft og berekraft for Fjordbase AS

- Gjere Fjordbase til ein handlekraftig organisasjon gjennom å vere
 - Ein lærande organisasjon.
 - Ein utviklende organisasjon.
 - Ein nyskapande og framoverretta organisasjon.

Grunnuttanninga Industrifagskule

- Aktuelt for alle arbeidarane ved Fjord Base og for andre bedrifter.

Mål for innhald:

- Utvikle og bevisstgjere fagarbeidarar som energiforvaltarar.
- Skape grunnlag for felles omgrepsforståing og kommunikasjon omkring energi og miljø.
- Skape haldning omkring miljø og skape ein miljøprofil.
- Utvikle Fjord Base til ein lærande organisasjon.
- Ein del av utdanninga bør handle om personalet si sjølvutvikling/sjølvrealisering og å ta eigne initiativ.
- Kompetanseutvikling bør bli like sentralt som helse, miljø og tryggleik i bedriftene.

Saga Akademiet

2 Opptakskrav

Opptakskrav

Det generelle grunnlaget for opptak til studium ved Fagskulen Vestland er at søker skal ha fullført og bestått vidaregående opplæring med relevant fagbrev/sveinebrev.

Opptak på grunnlag av realkompetansevurdering

Søkjarar som ikkje fyller dei generelle opptakskrava, og som har fylt 23 år, kan søkje om opptak på grunnlag av realkompetanse. Søkjar må då legge fram dokumentasjon som syner at kompetansen er i samsvar med læreplanmål i vidaregåande opplæring innanfor relevant programområde, i tillegg til kompetanse i felles allmenne fag som svarar til VG1 og VG2 i yrkesfagleg utdanningsprogram.

Sjå Forskrift om opptak ved Fagskulen Vestland, 2022, §2 på www.lovdata.no for utfyllande informasjon om opptak.

3 Organisering av studiet

3.1 Emneoversikt

Tabell 2: Emneoversikt og arbeidsbelastning for nettbasert studium med samlingar.

Emnenamn	Under-visning ¹	Rettleiing	Sjølv-studium	Sum
Endrings- og sjølvleiing	8	10	46	64
Prosjektleiing og prosjektplanlegging	8	10	46	64
Helse, miljø og tryggleik (HMT)	8	10	46	64
Marknadsføring og kundehandsaming	8	10	46	64
Totalt	32	40	184	256

Saga Akademiet

3.2 Emne 1 Endrings- og sjølvleiing	Tema
2,5 studiepoeng	<i>Endringsleiing Sjølvleiing Kommunikasjon Motivasjon</i>
Læringsutbyte	
<p>Kunnskapar - studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • kjenner til kva endringsleiing er, ulike typar endringar på ulike nivå (teknologisk, økonomisk, berekraft m.m.). • kjenner til ulike typar leiing – situasjonsbestemt, oppgåve-/medarbeidar-orientert, demokratisk/autoritær, endringsleiing m.m. • kjenner til og kan bruke relevante kommunikasjonsverktøy og medium i kommunikasjonsprosessen. • kjenner til årsaker til kulturelle skilnader på grunn av arbeidsinnvandring. • kjenner til årsaker til og strategiar for å løyse konfliktar på arbeidsplassen. <p>Ferdigheiter - studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan finne, vurdere, bruke og vise til informasjon og fagstoff som gjer eige og andre sitt arbeid betre og meir effektivt. • har medvit om leiing som fag, og veit kva det vil seie å vere ein god leiar og medarbeidar. <p>Generell kompetanse - studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • forstår kva sjølvleiing er. • forstår kva som motiverer folk til å handle positivt og effektivt. 	

Saga Akademiet

3.3 Emne 2 Prosjektleiing og prosjektplanlegging	Tema
2,5 studiepoeng	<p><i>Prosjektplanlegging</i> - Metodar for gjennomføring av prosjekt - Framdriftsplanlegging</p> <p><i>Prosjektgjennomføring</i> - Samhandling</p> <p><i>Kostnads- og ressursplanlegging</i></p> <p><i>Oppfølging</i></p>
Læringsutbyte	<p>Kunnskapar - studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har kjennskap til ulike prosjektplanleggingsmetoder. • har innsikt i planlegging og gjennomføring av eit prosjekt. • har innsikt i kommunikasjonsplan og ulike informasjonsmodellar. • har kunnskap om dokumentasjon og prosjektrapportar. • har kunnskap om kravspesifikasjon og terminologi i aktuell bransje. <p>Ferdigheiter - studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan utarbeide grunnlag for enkel prosjektkalkulasjon. • kan estimere tid, kostnader og ressursar for eit prosjekt. • kan bruke relevante modellar og metodar i prosjektplanlegging og gjennomføring. • kan utføre rapportskriving. • kan utføre avviksrapportering. <p>Generell kompetanse – studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan delta i prosjektaktivitetar og prosjektgrupper. • kan samarbeide og kommunisere med andre i og utanfor verksemda og bidra til tverrfagleg samhandling.

Saga Akademiet

3.4 Emne 3 Helse, miljø og tryggleik	Tema
2,5 studiepoeng	<i>Berekraft</i> <i>Energiressursar</i> <i>Ytre miljø</i> <i>Helse og arbeidsmiljø</i> <i>HMT-integrasjon</i> <i>Risikovurdering</i>
Læringsutbyte	
<p>Kunnskapar - studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har grunnleggande forståing for HMT, miljø og berekraft, og kjenner til de viktigaste omgropa innanfor feltet. • har forståing for korleis bruk av energi og transport kan påverke miljøet, og kjenner til dei vanlegaste energikjeldene og fordelane og ulempene deira. • har forståing for samanhengen mellom eige arbeid og HMS-arbeidet i bedrifa. • har innsikt i relevant regelverk for HMT-arbeid og avviksrutinar som er relevante for leverandørindustrien. • har kunnskap om kva risikovurdering og sikker jobbanalyse (SJA) inneber. • har forståing for betydninga av å rapportere avvik og farar på arbeidsplassen, og korleis det bidreg til kontinuerleg forbeting av HMT-arbeidet. <p>Ferdigheiter - studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • skal kunne planlegge og gjennomføre sikre arbeidsprosessar og vurdere korleis arbeidsprosessane påverkar det ytre miljøet (energi, klimagass). • skal kunne utføre og delta i arbeid med risikovurderingar og bidra til å identifisere farar (sikker jobbanalyse – SJA) • skal forstå og kunne forklare omgropa HMT, miljø og berekraft. <p>Generell kompetanse - studenten</p> <ul style="list-style-type: none"> • har evne til å delta aktivt i HMT-arbeidet i bedrifa. • kan bidra til kontinuerleg forbeting av HMT-arbeidet i bedrifa. 	

Saga Akademiet

3.5 Emne 4 Marknadsføring og kundehandsaming	Tema
2,5 studiepoeng	<i>Konkurransemiddel – de fem p-ane Marknadsplassplanlegging Kundehandsaming og service</i>
Læringsutbyte	
Kunnskapar - studenten <ul style="list-style-type: none">• har kunnskap om kjøpsåtfred og marknadsplanlegging.• kjenner til dei strategiske konkurransemidla til ei bedrift, som pris, produkt (service), distribusjon, kommunikasjon (PR og omdøme) og personale. Ferdigheiter - studenten <ul style="list-style-type: none">• kan gjennomføre ei kundesamtale i samsvar med enkle modellar for kjøpsåtfred.• kan innhente, formidle og presentere fagleg informasjon, idear og løysingar både munnleg og skriftleg.• kan vurdere etiske utfordringar i marknads- og salsarbeidet. Generell kompetanse - studenten <ul style="list-style-type: none">• kan kommunisere skriftleg og munnleg på ein tydeleg og forståeleg måte, og utveksle synspunkt med medarbeidarar, kundar og andre interessentar.• kan handsame medarbeidarar, kundar og andre med respekt.• forstår korleis konkurransemidla kan brukast i eiga verksemnd.• forstår kommunikasjon sin betydning for å lukkast.• forstår kva som påverkar kundane og marknaden i positiv og negativ lei (servicegrad).	

Saga Akademiet

3.6 *Framdriftsplan*

Økt	Dato	Kl.	Emne
1	26.09.23	1200 – 1530	Introduksjon og informasjon til studiet
2	03.10.23	1200 – 1530	Endrings- og sjølvleiing
	10.10.23		Haustferie
3	17.10.23	1200 – 1530	Prosjektleiing og prosjektplanlegging
4	24.10.23	1200 – 1530	Helse, miljø og tryggleik (HMT)
5	31.10.23	1200 – 1530	Marknadsføring og kundehandsaming
6	07.11.23	1200 – 1530	Endrings- og sjølvleiing
7	14.11.23	1200 – 1530	Prosjektleiing og prosjektplanlegging
8	21.11.23	1200 – 1530	Helse, miljø og tryggleik (HMT)
9	28.11.23	1200 – 1530	Marknadsføring og kundehandsaming
10	05.12.23	1200 – 1530	Framføring av case

3.7 *Søknadsfrist*

Intern 31.08.2023

Ekstern 31.08.2023

Saga Akademiet

4 Undervisningsformer og metodar for opplæring

Undervisninga ved Fagskulen Vestland tek utgangspunkt i nyare pedagogisk forsking. Lærarane våre har fokus på å vere læringsleiarar og på den måten gjennomføre effektiv læring for studentane. Å vere læringsleiar er i hovudsak å legge til rette for at studentane blir aktiviserte i læringsarbeidet. Vi vel å aktivisere studentane samstundes som vi kortar ned einvegsdialog der læraren føreles i lengre periodar. Sentrale element i vår pedagogikk er læraren sin relasjon og dialog med studentane og studentane sin eigenaktivitet og eigenvurdering. Læringsaktivitetane skal vere relevante og målretta i høve til læringsutbyttebeskrivingane for utdanninga. I det pedagogiske arbeidet vektlegg vi i tillegg til fagleg utvikling, at studentane utviklar evne til sjølvstendig arbeid, kommunikasjon, samarbeid og praktisk yrkesutøving. Vi vel òg å legge vekt på at studentane skal utvikle evne til å sjå teknologien i eit breiare samfunns- og miljøperspektiv, og at dei skal kunne foreta etiske refleksjonar. Vi ser det som vesentleg å nytte tovegsdialog i undervisninga. Når fagstoff vert presentert av læraren kan han nytte studentane sine praktiske erfaringar. Erfaringane er gode å knyte til teorien, og det skaper gode diskusjonar i klassen. Vi bygger på denne måten opp det som er særpreget ved fagskuleutdanninga.

Studentarbeidet vil i hovudsak bli bygd opp omkring to hovudaktivitetar

- Læringsnotat
- Eit case som dekker heile studiet

Læringsnotat er ei oppsummering av undervisning. Studentane lagar ei oppsummering av undervisninga frå kvar økt og leverer til læraren. Dette notatet kan vere munnleg eller skriftleg og valfritt hjelpemiddel som Teams, Power Point eller anna.

Case er ei form for prosjektarbeid. Studenten skal arbeide med dette caset gjennom heile studiet. Lærar vil rettleie og støtte studenten i arbeidet med caset.

Læringsarbeidet vert støtta med bruk av digital læringsplattform. Studentane får eiga opplæring i bruk av PC og digitale lærermiddel. Alle studentane har tilgang til Microsoft 365 med mange ulike program. Det er tilgang til Word, Power Point, One note, Excel, Teams osv.

Læraren gir raske, gode og hyppige tilbakemeldingar til studentane. Læraren skal ta i vare den einskilde studenten, og stimulerer til aktivitet og deltaking. I tillegg skal han arbeide for å få god kontakt med studentane/gruppene og tilpasse læringsaktivitetar som sikrar studentane progresjon. Døme på dette kan vere: rettleiing /undervisning i klasserommet eller gjennom moglegheitene i Teams.

4.1 Arbeidskrav

Arbeidskrav ved Fagskulen Vestland er rekna som ein serie av obligatoriske krav om arbeid som blir gjennomført som del av det pedagogiske opplegget i emnet. Arbeidskrav i dette studiet er å levere læringsnotat etter kvar undervisningsøkt.

Saga Akademiet

5 Vurdering

Vurderingsformene har samanheng med læringsutbyte, innhold, undervisningsformene og arbeidsformene i utdanninga. Det er den heilskaplege kompetansen som vert lagt til grunn når studentane sin kompetanse skal vurderast.

I dette studiet vil det bli ei heilskapsvurdering av læringsnotat og case for studiet. Sluttvurderinga er bestått og ikkje bestått

6 Sluttdokumentasjon

Studentane som fullfører og består utdanninga får et vitnemål som dokumentasjon. På vitnemålet står utdanning, eventuell fordjuping og tittel på caset. Vitnemålet inneheld dei emna som inngår i utdanninga.

Ved ikkje bestått vil studenten få skrive ut eit kompetansebevis som dokumentasjon på kva for einskildemne som er gjennomgått.